

## Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.03.2018

**Marius Hellan Hindenes** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Ungdommens fylkesutval skal gjere følgjande for å fremja Ungdommens planprogram 2018:

- Ha lav terskel for å kontakte lokalavisa. Diskuter det med dei som jobbar på ditt område og informer Ungdommens fylkesutval når noko kjem i avisa. Be medlemene i eigen organisasjon om å lage ei sak på facebook, eller gjer det sjølv.
- Dei ulike områda skal møte dei vaksne utvala. Dei tre hovudutvala skal ein be om å møte i vinter/vår og fylkestinget skal ein be om å møte til hausten, i samband med budsjettarbeidet.
- Presentere måla i planprogrammet på facebook-sida over ein periode. Gjerne med bileter eller ved å be ungdom kome med innspel om utfordringar på det målet. Eller ved å stille spørsmål. Eigen organisasjon tek dette vidare.
- Det kan vere aktuelt for leiar og nestleiar å be om eit møte med fylkesordførar og/eller fylkesrådmannen, men det er ønskjeleg å vente til etter dialogdagen for å sjå om det er trong for eit slikt møte.
- Leder og nestleiar ønskjer å møte fylkesvaraordførar.»

**Ida Heggland** sette fram slikt forslag:

«Medlemene i Ungdommens fylkesutval skriv lesarinnlegg i avisa. Viktig å nemne at ein representerer Ungdommens fylkesutval.»

**Vegard Kleppe** sette fram slikt forslag:

«Alle kan dele saker på facebook og instagram. Hugs at facebook er litt meir formelt, og at instagram er litt meir uformelt.»

### Røysting

Hindenes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Heggland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Kleppe sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Ungdommens fylkesutval skal gjere følgjande for å fremja Ungdommens planprogram 2018:

- Ha lav terskel for å kontakte lokalavisa. Diskuter det med dei som jobbar på ditt område og informer Ungdommens fylkesutval når noko kjem i avisa. Be medlemene i eigen organisasjon om å lage ei sak på facebook, eller gjer det sjølv.
- Dei ulike områda skal møte dei vaksne utvala. Dei tre hovudutvala skal ein be om å møte i vinter/vår og fylkestinget skal ein be om å møte til hausten, i samband med budsjettarbeidet.
- Presentere måla i planprogrammet på facebook-sida over ein periode. Gjerne med bileter eller ved å be ungdom kome med innspel om utfordringar på det målet. Eller ved å stille spørsmål. Eigen organisasjon tek dette vidare.

- Det kan vere aktuelt for leiar og nestleiar å be om eit møte med fylkesordførar og/eller fylkesrådmannen, men det er ønskjeleg å vente til etter dialogdagen for å sjå om det er trong for eit slikt møte.
- Leder og nestleiar ønskjer å møte fylkesvaraordførar.
- Medlemane i Ungdommens fylkesutval skriv lesarinnlegg i avisa. Viktig å nemne at ein representerer Ungdommens fylkesutval.
- Alle kan dele saker på facebook og instagram. Hugs at facebook er litt meir formelt, og at instagram er litt meir uformelt.